



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2577 - 16/20976

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
11.11.2016

Godkjenning - tilkopling avlaup garasje GBNR 27/200

Administrativt vedtak. Saknr: 364/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 25.10.2016, søkt om å få kopla garasjen på eigedomen gbnr 27/200 til kommunalt avlaupsanlegg. Eigedomen er frå før kopla til kommunale VA-leidningar, men det var uråd å få kopla til garasjen til eksisterande avlaupsleidning på eigedomen. Det er munnleg presisert at garasjen ikkje skal nyttast til bustadføremål.

Det skal etablerast ein 315 mm stakekum, med kryssing av kommunal veg, slik motteke situasjonskart syner. Kommunen er kjent med at arbeidet er utført. Arbeidet med kryssing av den kommunale vegen vart gjort samstundes som Meland kommune utførte eige arbeid på staden, og av den grunn vart det difor ikkje naudsynt å innhenta graveløyve.

Vurdering:

Meland kommune set krav til at slike stakekummar/minikummar skal ha ein diameter på 315mm. Administrasjonen har ingen merknad til at garasjen vert knytt til det kommunale avlaupsanlegget. Det skal ikkje betalast ny tilkoplingsavgift, då eigedomen er tilknytt frå før. Det er ein føresetnad at garasjen ikkje vert nytta til varig opphald/bustadføremål.

Ansvarsrett:

Føretak	Godkjenningsområde:
Sendal VVS AS Org.nr. 980626180 Sentral godkjenning	SØK, PRO, UTF (tkl 1)

Vedtak

«Meland kommune viser til motteken søknad, journalført 25.10.2016, om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg via 315 mm stakekum, slik motteke situasjonskart viser og på følgende vilkår:

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.

Det skal ikkje betalast ny tilkoplingsavgift, då tilkoplinga ikkje utløyser ny bueining, jf vurderinga ovanfor Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

avlaup gbnr 27-200

Kopi til:

Svein Åge Tvedt

Mottakere:

Stendal VVS AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND